

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Valdres næringshage	27.01 2019

Sak nr :

RS 5- / -20 Huga på gard

Bakgrunn:

Søknaden er ei politisk ynskt oppfylging av Innovangsjon si 3- årige satsing (2016-2019), no gjeld satsinga heile Valdres. I RS sak 54-/19 bad regionstyret VNK om å fylje opp og foreslå ei organisering av «Huga på gard»- prosjekt for Valdres i samband med nytt handlingsprogram for 2020. Ferdig vedteken sluttrapport frå Innovangsjon S/A (**blir utarbeidd i desse dagane**).

Saksutgreiing:

Folketalsnedgangen i Valdres er jobb nr 1. for alle Valdreskommunane, folketalet styrer rammeoverføringane til kommunane. Landbrukseigendomar utan folk og med til dels nedlagt drift er ein verdi som kan aktiverast, dersom ein lukkast i å få dagens eigarar med på endring. Tidlegare vurderingar syner at mange eigendomar er ubebudde. Eit estimat er teljingane frå 2002 og 2003. Det vart det ikkje gjort noko vurdering i Øystre Slidre. Så er det skjedd endringar i mellomtida, men at minst 400 eigendomar er ubebudde er eit rimeleg estimat.

Kvifor er ikkje gardane bebudde? Ulike grunnar til det, men det er slektseigendomar, feriestadar, attraktive stølar mm. som held att sal. Nokre bruk blir selde dersom ein skil frå stølen. Om hus og stølar blir skild frå, kan jorda seljast som tilleggsjord, ofte til den som allereie i dag brukar jorda. Praktiseringa av deling av eigendomar er svært ulik i Valdres, og er ei sak det einskilde kommunestyret må vurdere. Det er fleire argument både for òg mot ein liberal delingspolitikk. Eit argument på kvifor gardar ikkje kjem på handel er òg at ein kvir seg for å rydde og klaregjere garden for sal. Generasjonar har samla si slekthistorie i ting og inventar som det må ryddast opp i. I tillegg er det ulik handsaming av bu- og driveplikta i dei seks Valdreskommunane.

Prosjektet som har vore i regi av Innovangsjon S/A, er finansiert av UT-midlar. Fylkesmannen har handsama desse midlane ut 2019, no er dei hjå Innlandet fylkeskommune. Fylkesmannen har meint at om prosjektet skal halde fram bør det vera eit regionalt prosjekt, ny søknad kunne sendast når eksisterande prosjekt er avslutta. Fylkesmannen har òg meint at kommunane ikkje kan ha meir enn eitt bulystprogram til ei kvar tid som er finansiert over UT- midlane. Derfor må òg kommunane vurdere om det er dette bulystprogrammet dei ynskjer å vera med på. Sør-Aurdal kommune har allereie eit bulystprogram som kan kome i konflikt med deltaking her.

Utkastet til prosjektsøknad ligg ved saka. Dersom ein eller to av kommunane ikkje deltek, må prosjektet justerast for dette. Eit sopass stort prosjekt som dette er, vil krevje oppfylging og rapportering kombinert med konkret oppfylging ute. I prosjektsøknaden estimerer ein ei

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Valdres næringshage	27.01 2019

40% - 60% deling her, men dette vil styringsgruppa og prosjektleiar måtte vurdere i oppfylginga av prosjektet. Prosjektet har vore drøfta i landbruksforum og i AU til landbruksforum. Ei vurdering som kjem fram er at ein ynskjer å prøve å finne ein eigna prosjektmedarbeidar som kan arbeide mest mogeleg effektivt og at koordineringa skjer mot dei lokale arbeidsgruppene. Å dele opp eit slikt prosjekt i fleire små delstillingar vil krevje meir tid til administrasjon og koordinering og vera tyngre å styre.

Økonomi: Korleis ein endeleg skal rigge prosjektet vil styringsgruppa og Regionstyret måtte avgjere. Det må avklarast kor mange som blir med. Det må òg vurderast korleis ein får læring i arbeidet mellom dei ulike kommunane. Noko vil avhenge av korleis ein nyttilsett prosjektleiar meiner at han /ho får dette til å fungere, ein må pårekne justeringar av kursen i heile prosjektperioda. Finansiering er ei blanding av eigeninnsats og friske pengar frå kommunane. Prosjektet er tenkt å ha ei driftstid på 5 år, men over 6 kalenderår. Kommunal og VNK innsats med friske pengar ut over arbeidsinnsats er tenkt på inntil 1,4 mill. totalt, eller gjennomsnittleg 240 000 pr. år fordelt med 50% omdisponering i VNK sine budsjett (ev. bruk av egenkapital) / 50% friske pengar frå kommunane, eller inntil 120 000 pr. år fordelt etter timeinnsats i den kommunen det er utført arbeid for. I startåret er VNK innstilt på å omdisponere frå anna landbruks- og bulystinnsats og om naudsynt litt avsett fondskapital med inntil kr 100 000. Dette slik at kommunane får høve til budsjettere dette inn i sine ordinære budsjett frå og med 2021.

Vurdering:

Tala frå prosjekta i Vang og Slidre er gode: nokre av gardane ville ha vore selde naturleg, men lite truleg alle. Det er eit omfattande arbeid å setje i gang eit prosjekt som dette, det krev involvering og vilje frå mange. Landbrukskontor, faglag, eksisterande bønder og andre må engasjere seg og bidra. Utan eit genuint engasjement, lukkast me ikkje. Kommunane må fylje opp og handheve bu- og driveplikta og fylje opp med handsaming /vurdering av ulike førespurnadar om deling av bruk mm.

Oppsida av prosjektet er auka folketal på gardane våre. Det er positivt for kommuneøkonomien. Auka folketal er positivt for heile Valdres, det betyr auka aktivitet og auka næringsverksemd.

Dagleg leiar i VNK meiner at det kan bli eit vellukka prosjekt om en held fram over tid, noko Innovangsjon sitt prosjekt syner. Dagleg leiar meiner at prosjektet må engasjere både landbrukskontora, faglaga og andre for å lukkast.

Det er viktig at dei seks Valdres kommunane no tek ei vurdering på om dei ynskjer å delta og å gjere den innsatsen som krevjast. Dersom dei svarar ja til det, bør me setja i gang.

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Valdres næringshage	27.01 2019

Dagleg leiar meiner at minst 4 kommunar bør delta for at me skal ha eit regionalt prosjekt. Om ei eller to kommunar vel å ikkje delta, vurderer dagleg leiar at auka folketal og fokus på tilfløting vil vera bra for heile dalføret, og at det slik er forsvarleg å bruke noko av fellesmidlane i VNK til prosjektet.

Framlegg til vedtak:

1. Regionstyret tilrår at utkast til Huga på gard prosjektet blir sendt kommunane for vurdering.
2. Regionstyret ber kommunane om ei vurdering på om dei ynskjer å delta.
3. Dersom svaret er ja, må naudsynt eigeninnsats, både pengar og arbeid, stillast til rådvelde jf. vedlagt finansieringsplan
4. Kommunestyret bedast òg om å gje Regionstyret fullmakt til å foreta naudsynte tilpassingar i prosjektet, men innanfor dei rammene som ligg i utkast til søknad og ut frå kor mange kommunar som deltek.

Vedtak:

Vedlegg:

Utkast til Prosjektsøknad

Sluttrapport frå Innovangsjon S/A sit prosjekt, ettersendast

sign.

Utskrift sendt til